



# DALELVO i Etne


Dalelva og Rullestadjuvet er ein av dei aller største turistattraksjonane på Vestlandet. Dalelva kjem frå Folgefonna og renn sørvestover mot Åkrafjorden gjennom det ville Rullestadjuvet og ut i det halvsirkelforma Rullestadvatnet, som ligg som eit blankt auga i dalbotnen mellom bratte fjellsider, og den fossande Sagelva på andre sida. Halvvegs nede i Rullestadjuvet får Dalelva tilsig frå Bordalselva, som kjem frå sør gjennom eit trongt gjel.

## Natur- og kulturverdiar

Rullestadjuvet er eit dramatisk og flott naturområde som er tilgjengeleg både med bil og til fots. Her er bratte fjellsider med enorme jettegryter, og elva går i fossar og stryk før landskapet opnar seg med fine gardar nede med vatnet. Den gamle europavegen går i tronge hårnålssvingar gjennom juvet på eine sida og er open for biltrafikk om sommaren. På andre sida av elva går den gamle postvegen frå 1800-talet, som vart ferdig restaurert i 2009.

## Utbyggingsplanane.


Kraftselskapet Rullestad-Skromme AS, som er tilslutta Småkraft AS, har søkt om konsesjon for å byggja ut Dalelva med Bordalselva med ein samla produksjon på om lag 145 GWh. Det er ikkje planlagt noko magasin eller dammar for lagring av vinterkraft, slik at all produksjon blir hovudsakleg sommarkraft. Det mest vidtgående alternativet går ut på å byggja to store kraftverk (Rullestad og Bordalen) på til saman 126 GWh og to småkraftverk (Kvernhuselva og Skromme) på til saman 19,1 GWh. Bordalselva har ei fallhøgde på 407 meter og Dalelva på 190 meter. Det er ikkje oppgitt noko minstevassføring, men frå andre liknande vassdrag veit vi at ein reduksjon i vassføringa til 30% gjennom året kan i enkelte år føra til nær tørrelegging i visse periodar (vinter og tidleg haust).



Naturmangfaldet i Rullestadjuvet.

Mosen som veks på steinen, heiter gråmose (*Racomitrium lanuginosum*) og er ganske vanleg her i landet, men er karakteristisk for fossesprøytoner og stader med mykje nedbør.





### Naturbasert turisme

Åkrafjorden er peika ut av Hordaland fylke som ein landskapspark på grunn av sin unike natur og kultur. Prinsippet er vern gjennom bruk, og eitt av måla er å utvikla området til å bli eit attraktivt reisemål. Halvfjordingen AS, som driv utleige av hytter, servering og overnatting, og legg til rettes for turgåing på den gamle postvegen i Rullestadjuvet, rundt vatnet og opp til dei fantastiske jettegrytene, er ein viktig del av Åkrafjorden Oppleving AS, ein paraplyorganisasjon som held på å byggja opp natur- og kulturbasert turisme i heile Åkrafjordområdet.



### Naturvernforbundets vassdragsarbeid:

Vassdragsvern, sammen med områdevern, har vært de viktigste sakene gjennom størstedelen av Naturvernforbundets historie, og er fortsatt aktuelt. Naturvernforbundet mener at verneplanene for vassdrag bør utvides istedenfor å uthules. Derfor er det utarbeidet ei liste på 30 vassdrag som bør vernes. Naturvernforbundet har også lansert en ungdomskampanje på nett: [reddelvene.no](http://reddelvene.no), basert på arbeidet som gjøres i organisasjonens vassdragsvernråd.

**Vil du ta vare på norske vassdrag? Besøk [www.reddelvene.no](http://www.reddelvene.no)**

**Bli medlem i Naturvernforbundet - send sms NATUR til 2077  
- vi sender deg velkomstpakke i posten**